


# BOKN BYGDABLAD

NR. 4 - MAI 1992 - ÅRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## BOKN HANDELSLAG FORNYAR SEG



Til Pinse vil Bokn Handelslag framstå i heilt ny utgåve. Heile butikken skal oppussast og ominnreiast. I tillegg er det i gong påbyggingsarbeid for nytt inngangsparti. Dette skal leggja tilrette for funksjonshemma, og det blir åpnings- og lukkemekanisme styrt av fotoceller. Det er styrar Annbjørn Sunde som fortel dette til bygdabladet.

Jernvareavdelinga skal i hovedsak flyttast inn i den "gamle" butikken. Her skal det også seljast landbruksartiklar o.l.

Det vil såleis bli betre plass til daglegvarer i sjølve hovedbutikken. Her skal alt ominnreiast. Reolane skal gå i

lengderetninga av butikken. Kassane skal flyttast til nordre hjørne ved det nye inngangspartiet. Vidare skal frysevarekapasiteten doblast, og kjølekapasiteten skal aukast med 40%.

Kostnadsoverslaget på ominnreiinga og fornyinga er på ca. kr. 600.000,-.

Bokn Handelslag vil samarbeida med Bokn kommune når det gjeld ein opprustningsplan for sentrumsområdet i Føresvik. Saman med opprustinga av handelslaget håpar styrar Annbjørn Sunde at Føresvik vil stå fram som meir attraktivt både for kundar på handelslaget, for reisande og andre som har ærend i Føresvik.

# "FISKARAR FORTEL"

Frå den 24. - 28. februar i år hadde Bokn skule aksjonsveka "Bokn kystkultur".

Mykje arbeid vart lagd ned i aksjonen, og mange ting som vart samla inn og utstilt bør koma ut til fleire.

Bokn Bygdablad ynskjer å bringa vidare ein del av det stoffet som vart samla inn, og me tar til med emnet "Fiskarar fortel". Det er Silje-Karin, Linda, Grete Ø., Ingri, Kristin, Astrid, Marit, Harald, Jan Inge, Thomas og Kenneth som har intervjua ein del fiskarar, og korleis dei dreiv fiske då dei var yngre. Læraren deira er Brit Oppsal.

## Avskrift av intervju av Østen H. Hognaland

78 år den 6.juli. 7 år var eg då eg byrja å fiska. Eg har ikkje vore noko anna enn fiskar. Eg var til sjøs i 1 1/2 år, det var i 1936-38. Det var ringe tid her då eg reiste til Bergesen i Stavanger. Når han hørde det at eg hadde vore så mykje på fiske, så fekk eg jobb som lettmatros der, på ein båt som heite Dalfonn. Der var eg i 3 mnd. Hyra var 90 kr. mnd. Etter det blei eg tømmermann, då var hyra 206 kr. Då eg kom heim igjen var det ikkje så mykje å gjera her heime.


Otto og Alfred Alvestad, dei kom og spurde meg om eg ikkje kunne vera med dei. Du veit dei hadde to skjøtter dei. Eg skulle liksom vera skipper på den eina. Me fiska på brisling, det blir vel i 40 det, og dei var eg med i 10 år. Det blei sesongar i mellom brislingen så me var ute på småfiske. Me hadde 5 båtar, sånne småbåtar.

Det blei mykje størja, men etter 2-3 år så vart ho oppfiska. Ja, ja, så blei det brislingen, brislingen føre størja var det ja. Det var i oktober, november me fiska størja, det var om hausten det ja. Når me var på brislingen så var det frå Sognafjorden til Oslo-fjorden. Det blei någe av det og, me gjorde det godt. Dei to brørne Otto og Alfred, dei kjøpte ei nye skjøtta, og den kom eg på. Og den andra var broren min på. Etter ei stund så blei det atte eg kom til å få den på fiske om vintrane, og etter på. Og så kosta eg bruk sjølv eg, og hadde på den skjøtta. Me gjorde det forsåvidt godt, det var ikkje det. Men så blei det det at når eg slutta med dei så var det den skjøtta der så hu Annemor har malt der. Den hørde til Krojen. Det var Sonja I det. Det har vore Olav Alvestad si og faren Peder Alvestad, og så blei det han Erling, bror hans Olav, som overtok bruket, og så kom han og bydde oss og sa at me kunne få kjøpa halve, og det gjorde me. Den var me ute med i to-tre år.

I 1963 døde han Erling, og me selde skjøtta, og den for til Amerika. Etter den tid blei det slutt på brislingen, så var eg på fabrikken i Føresvik, hermetikkfabrikken der. Der var eg til den blei nedlagde. Den var i drift i 3 år. Eg røykte der, røykte fisken. Der var eg heile vegen. Eg likte meg godt der, for eg var skjeden og fæle.

Me var mykje ute i stygt ver. I krigen måtte me sitja frampå bauen for å sjå etter miner. Me hadde landternene på. Fyrane brandt ikkje. Det er eit under at det gjekk så godt som det gjorde om bord. Det var lite ulykker.

Eg byrja på skulen då eg var 6 år i 1920. Nok er det, att der var ikkje skule slik som der er no, veit du. Det var bibelhistorie den eine dagen og den andre dagen hadde me forklaring. Me gjekk berre på skulen annankvar dag. Du veit, der feilte mange blader i dei så det var ikkje alltid me kunne lesa alt. Når eg var 8 år eller noko liknanes hadde eg laga meg 15 humrateiner, så eg skulle ut med.



## "FISKARAR FORTEL"

Faren min var ikkje så forferdeleg interessert i heile sjøen. Me hadde noko me kalte smigjå, han var heller der.


Eg gjekk på skulen, så eg drog humrateinene om morgonen. Det var ikkje så nøyne med leksene i den tida. Men når me fiska hummar, så måtte me til Are med han, for det var 80 øre stk.. Det blei vel sånn ca. 2.- kr. kiloen. Så blei det at eg hadde nokon feringar. Me hadde ikkje nokon motorbåtar i den tida. Dette blir vel i 1923-24

Så fekk eg kjøpa ein båt i Ådnaneset, ein gamal fering der. Då tykte eg att eg var svære kar. Eg gav 25 kr. for han. Båten var så skrekkelig godt ettersitt, at båten var god den. Den brukte eg på teinene dei aukte på år for år. Eg sat ned i stova der og smidde så heile golvet var fullt med spon, og dette aukte på, både med teiner og spon. Det var 80 øre stk. Det var ein sesong så var det gjort, og då var der ikkje noko anna og gjere på. Første gong eg var med på og fiska sild var eg 14 år. Det blei ikkje noko mykje av det. Me fekk ein 200-300 kroner. Me synest me gjorde det godt, det var nokre gamle båtar med Lossi. Me budde i lossien då. Det var ikkje skotter i den tida. Men så blei det atte i mellom sesongane så gjekk me heima her og ikkje noko og gjera. Men så tok me på, eg og Hilmar. Du veit bøndene dei trøng folk til og laga veider og "opptag" som dei kalla det. For og dyrka ny jord og me tok jo jobb der. Det var 30 øre timen og me haldt maten sjølv. Det var kvar gong etter me hadde vore på fiske. Så gjekk det nokre år, så kjøpte me ein motorbåt. Då blei det ut med teinene, veit du . Det sista året hadde me 250 teiner Peder og eg. Om vårane skulle dei grusa vegen, det var utvalgte folk til å gjera det, me hadde for små musklar til og gjera det. Det var ein harde jobb, veit du.

Me spurde gong etter gong, men nei. Det det var ikkje talom og få jobb der. Svetten stod i skolten på folka og. Folk bredde torv. Sånn ein torv maskin slo med. Dei byrja kl. 7.30 og halt det til 17.00. Det var to kroner dagen. Det var fast sånn gamle folk, dei ville ha mykje torv. Dei gamle ville slutte, men sjefen sa at sola stod høgt enno, så han måtte jobba meir. Me dyrka mykje og me grov på veider. Når me var ferige med hummaren ja, ja dette her aukte på for kvart år det. Eg hadde dei 15 teinene og året etterpå vart det 20- 25 stk. Til slutt kjøpte me oss ein motorbåt, der var sånn forferdelig med teiner at kvar mann her var ute med teiner ,og hadde eit par hundre allesaman. Me var dei felaste, me hadde 250. Me måtte ha korg rundt vengene for ikkje få køyra tauene i propellen , og det gjekk nå godt. Men då veit du att me fekk meir og meir og me halte opp eit par hundre kilo.

## "FISKARAR FORTEL"

Så då var det og fryse na ner. Me fekk 6-7 kr kilo. Mellom sesongane var me ute med trollgarn, dorging og då var det til Koparvik og liggja og hykra i på størjefisk, det var då "kronåret" var, eg hadde halvaen nod, og det blei forferdelig med penger av det. Og så hadde me brislingfisket, der var eg med i 10 år. Det var ikkje vart, båtane hadde berre lossier då veit, du dei gjekk ut om dei gjekk ut om morgonen og hadde to-tre skjever med seg ut i eit spenn, Lossier er opne båtar som tok 50-60 liter sild, og då var dei ute heile dagen med den, og om kvelden så hadde dei lossi liggjanes i Skudeneshavn eller Åkra og rund der. Der budde me, då var det til og leggja i byssa om kveldane. Ein hadde fleskastykke med seg og ein hadde ei pølsa med seg. Der er forskjelligt av sogner.



## CAMPINGPLASS PÅ BOKN?

Spørsmålet om campingplass på Bokn har vist seg å ha interesse. 2 - 3 personar har sagt at dei alt til sommaren kan tenkja seg å få til campingplass-utleige. På så kort tid må det i første omgang bli provisoriske løysingar på toalettforhold og

andre hygieneinnstallasjonar, men seinare vil ein få erfaring på om dette er noko å satsa på. Det kan då bli aktuelt med meir permanente campingplassar.

Det er næringskonsulent Stein Alendal som opplyser dette til bygdabladet.


# BOKN FÅR NY RENOVASJONSORDNING FRÅ 1993

Dersom kommunestyret går med på det, vil Bokn søkja om å bli medlem i Toraneset renovasjonsselskap frå 01.01.93.

Toraneset er eit interkommunalt renovasjonsselskap for kommunane Tysvær, Vindafjord, Etne og Ølen.

Ved at Bokn kommune søker om medlemsskap i Toraneset, vil avfallsplassen på Jøsen bli nedlagd. Vedtaket går også ut på at det vil bli tvungen renovasjon for alle husstandar og hytter frå 01.01.93.

For dei einskilde husstandane vil prisen bli rimelegare enn dagens ordning, og det vil på sikt bli muleg med fleire kjeldesorteringsordningar.



## ÅRSMØTE I SANITETSFORENINGA

Etter årsmøtet den 28. mars ser styret slik ut:

Inger Sønnøve Bokneberg  
Haldis Grønnestad  
Torunn Hognaland  
Elly Borgenvik  
Eli Kro  
Ellen Nedrebø  
Varamenn: Astrid Jøsang  
Oliva Håland  
Solveig Kro  
Revisor: Bertha Våge.

På årsmøtet orienterte Mossen Stensland frå Haugesund sanitetsforening om Revmatismesjukehuset og det nye bassenget. Bokn sanitetsforening løyvde kr. 10.000 til bassenget. Same beløpet bevilga dei i fjar. Bokn sanitetsforening har

elles løyvd midlar til kreftsaka, krybbedødforskning, psykiske lidinger, kampen mot narkotika og anna forskningsarbeid.

I 1991 hadde sanitetsforeninga inntektene sine fra basar, sal av lodd, maiblomar og fastelavnsris.

I tillegg var det ei anonym pengegåve på kr. 25.000.

I 1991 har saniteten m.a. drive desse aktivitetane:

Eldretur til Egersund, adventfest for eldre, tirsdagstreff kvar tirsdag utanom ferien på Allrommet.

Den årlege basaren vert på Bokn skule den 3. juni.

Bokn sanitetsforening har 271 medlemmer.

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30  
ONSDAG : kl.16.00 - 19.00  
TORSDAG : kl.10.00 - 13.30


## BARN/UNGDOM

Lindgren, Astrid:  
Vår i Bakkebygrenda.

Ambjørnsen, Ingvar:  
Flammer i snø -  
bok nr. 6 om Pelle og  
Proffen.

Holt, Michael:  
Oppfinnelser som  
forandret verden.

Parker, Steve:  
Dyr og planter i fjæra.



Takk til alle som deltok  
i konkurransen biblioteket  
hadde i informasjons-  
brosjyren som vart sendt  
ut i mars.

Bokpremiar til:

Nina Alvestad 8 år og  
Stephan Haram 13 år,

GRATULERER !

## LESETIPS VAKSNE

Grafton, Sue:  
"B" for bedrag.

Llosa, Mario, Vargas:  
Til stemorens pris.

Erdrich, Louise:  
Kjælighetsmedisin.

Rendell, Ruth.  
Kvinne med slør.


**BIBLIOTEKET –**  
*gratis å spørje  
gratis å få svar*

# LANG SKULEVEG

Etter at Bokn blei landfast reiser dei fleste elevane som går på vidaregåande skule i Haugesund med buss. Det tar ca. 55 minutt kvar veg, men rutene er innretta slik at elevane slepp å venta så lenge i Haugesund.

Mona Faye går nå 3. året ved Vardafjell videregående skole i Haugesund. Etter at Bokn blei landfast, har ho reist med buss. Det vil seia at ho budde i Haugesund då ho gjekk i 1. klasse.

Mona seier at det nok kan vera slitsomt med bussreisa fram og tilbake, men at det også er visse fordeler med det. Ikkje minst at det blir mykje rimelegare enn å bu på hybel. Ho synes at det spesielt må vera fint i 1. og ev. 2. klasse å bu heime. Ulempen med det er at det er så därlege kommunikasjonar på kveldstid at ein ikkje kan delta i



aktivitetar i Haugesund utover skuletid fordi ein då ikkje kjem seg heim.

For dei som reiser med buss og går i vidaregåande skule, kostar det kr. 750,- i eigenandel pr. halvår.

Mona fortel at det i snitt reiser ca. 15 elevar dagleg, men at det også er nokre som kjører bil eller bur på hybel.

## INFORMASJON FRA

### TEKNISK ETAT

Arbeidene med utvidelse av kirkegården er blitt forsinket. På grunn av mye nedbør har det ikke vært mulig å starte "finpussen" med tilsåing og planting.

En regner med at arbeidene vil være ferdig i løpet av mai.

Kirkegården skal inngjerdes med steingard. Garden mot fylkesvegen blir påbegynt i mai måned og arbeidet vil pågå utover sommeren og ut august måned. Nettinggjerde vil bli oppsatt midlertidig.

### NY TRYGDESJEF

Ingunn Sunde er tilsett som trygdesjef ved Bokn trygdekontor.

### NY SJUKEPLEIAR

Tina Knutsen er begynt i stilling som avdelingssjukepleiar ved helseetaten i Bokn. Helseetaten har nå fått tilsett sjukepleiarar i 5 heile stillingar. Det er også stillingsheimlar for to deltidsstillingar på natt der det ikkje har lukkast å få utdanna sjukepleiarar.

# FRANSK BESØK

Mona Faye hadde frå onsdag 22. april til torsdag 30. april besøk av ei fransk jente på 17 år. Det er ein gjenvisitt, sidan Mona og 10 andre elevar ved Vardafjell videregående skole i Haugesund i september/oktober i fjor besøkte Reims i Frankrike.

Saman med 9 andre elevar i vidaregåande skule i Reims er dei nå på gjenvisitt i Haugesundsdistriktet.

Corinne Bureau er 17 år gammal og går siste året i vidaregåande skule. Ho går på ei linje i den vidaregåande skulen kor det særleg er lagt vekt på faga matematikk og fysikk. I Frankrike startar barna skulegangen ved 6 års-alderen, og difor er dei ferdige med vidaregåande omrent 1 år før det som er vanleg her i landet.

Corinne vil til hausten begynna å studera matematikk, og ho ynskjer seinare å undervisa i dette på eit universitet.

Corinne har ei syster som er 19 år. Foreldra hennar er begge lærarar.

Corinne fortel til bygdabladet at ho har hatt mykje utbytte av turen til Noreg. På dei få dagane har dei vore i Stavanger, på Utsira og på Karmøy. Ho har også fått sett seg om i Bokn, og synes det er ein flott natur her, særleg syns ho det er fint med alle vatna som ligg rundt om i kommunen.

Elles har dei unge franskmennene vore med på Vardafjell vidaregåande skule og kan såleis samanlikna med miljøet i fransk skule. Corinne seier at den franske vidaregåande skulen er meir inndelt i fagretningar. I tillegg har dei visse fag som ein i Noreg først startar med

på Universitetet, som t.d. filosofi. Skuledagen i Frankrike er lang, og dei har mykje lekser. Corinne seier at det krev stor innsats om ein skal greia seg bra. dei går også på skulen fram til kl. 12.00 på laurdagane, og har mindre fritid enn her. I hennar klasse er dei 35 elevar.

Det er også stor arbeidsløyse i Frankrike, mykje større enn her i landet.

Elles fortel Corinne at ho synes det er stor forskjell på maten og måltida i dei to landa. I Frankrike har dei hovedsakleg 3 måltid: Frokost - lunsj og middag. Lunsj er ved 12-tida, og middag ved 7-8 tida om kvelden. Måltida er annleis enn her. Frokosten er nokså enkel, mens både lunsj og middag har forrett, middag, ost og dessert - altså 4 rettar. Corinne seier art dei nok brukar meir kjøt i måltida enn her. I tillegg også meir alkohol, særleg vin til maten. Men ho seier at statistikken syner at dette er noko på veg nedover.

Provinsen der ho kjem frå heiter Champagne, og ligg ca 150 km. aust for Paris.

Corinne er imponert over naturen her i landet. Dessutan synes ho at husa er mykje finare enn i Frankrike - fargerike og oppført i tre. Dette er ikkje vanleg i Frankrike. Ho er overraska over at det blir brukt så mykje lys (elektrisk) over alt. I frankrike er det vanleg å skru av alt lys som ikkje er heilt nødvendig.

Elles synes Corinne at det elles ikkje er så ulikt dei to landa. Ho synes folk her er åpne og lette å snakka med.

## NÆRMILJØANLEGG - BADEPLASS

Bokn formannskap har vedtatt at det skal opparbeidast offentleg badeplass på den kommunale eigedomen ved sjøen mellom Boknabergsjøen og Fyren.

Det er fleire år sidan kulturstyret foreslo at denne tomta kunne vera fin til badeplass, og det er sett av ein del midlar til opparbeiding og tilrettelegging.

Det må m.a. setjast opp gjerde langs vegen til badeplassen, setjast opp levegger, plantast og drenerast. Vidare må det reneskast for stein slik at stranda vert finare. Det vil bli laga ei lita badebukt.

Det er meiningsa at noko av arbeidet skal utførast som del av SKAP - prosjektet.

Dersom kommunestyret seier ja, vil arbeidet kunna starta før sommaren.



---

### S R - S E N I O R K O N T O

SR-Senior konto er en spesiell honnørkonto til alle over 60 år.

GEBYRFRI: Du kan betale alle regningene helt gebyrfritt.  
Alle sjekker er gebyrfrie.

RENTEN: 4 % på beløp inntil kr 30.000,-  
8 % på beløp over kr 30.000,-

VELKOMMEN INNOM BANKEN FOR NÆRMERE INFORMASJON





**BOKN**  
**KOMMUNE**

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90  
4290 BOKN

**ETABLERINGSLÅN  
1992**

Bokn kommune har midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

M. a. husstandar som skal etablera seg for fyrste gong og husstandar med funksjonshemma er prioriterte.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Ovannemnde lån er det ikkje søknadsfrist på.

**UTBETRINGSTILSKOT  
OG LÅN 1992**

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innstallering av bad/WC, isoleringsarbeid m.v.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekts og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene oppsett av bygningsmann.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1. juli 1992.



**BOKN**

**KOMMUNE**

**BETALINGSSATSAR FOR BEHANDLING AV  
BYGGE- OG DELINGSSAKER OG  
REGULERINGSPLANAR FOR HYTTER -  
SITUASJONSKART - JUSTERT GEBYR FOR  
OPPMÅLINGSARBEIDER**

Med heimel i PBL. §109 har kommunestyret vedtatt følgjande behandlingsgebyr i hyttesaker:

- |   |             |
|---|-------------|
| 1. Behandling av søknad om byggeløyve og kontroll:            | kr. 1.500.- |
| 2. Søknad om frådeling av tomt:                               | kr. 800.-   |
| 3. Behandling av private reguleringsplaner/bebyggelsesplaner: | kr. 2.500.- |

Det skal ikkje betalast gebyr for delingssøknad når tomta inngår i godkjent plan.

- |                                   |             |
|-----------------------------------|-------------|
| 4. Utarbeiding av situasjonskart: |             |
| 0 - 2000 m <sup>2</sup>           | kr. 1.200.- |
| 2000 - 3000 m <sup>2</sup>        | " 1.500.-   |
| 3000 - 5000 m <sup>2</sup>        | " 2.000.-   |

Med heimel i Delingslovens §5-2 har kommunestyret vedtatt justerte gebyrsatsar for delings- og kartforretningar m.v.

Ein kan få sjå regulativet ved å henvenda seg til teknisk etat.

## TIL LAG OG ORGANISASJONER

I forbindelse med skogrydding i Alvestadkroken er det hogd en del trær som er oppdelt og lagt fram til traktorveg.

Kommunen vil gi bort veden til lag og organisasjoner som kan påta seg å selge ved i sekker, og på den måten skaffe seg en ekstrainntekt.

Interesserte kan henvende seg til Bokn kommune ved Hans Faye.

## TUR - ORIENTERING

Bokn idrettslag vil gjøre oppmerksom på at det er hengt ut 20 turorienteringsposter i kartet "Boknafjellet".

Ta familien med og nyt Bokns praktfulle natur!

Viltnemnda ber om at turgåere tar særlig hensyn til hjortevilt i kalvingsperioden i juni, og minner om jaktperioden fra 10.09. - 25.09.92.

Kartet koster kr. 25,- og er lagt ut for salg hos Steinar Alvestad og Bokn Handelslag.

GOD TUR!

Hilsen for idrettslaget

Hans Faye.

## KONFIRMANTAR I BOKN

### 3. MAI.

Desse vart konfirmerte i Bokn kyrje den 3. mai:

Torstein Alvestad  
Ole Johannes Grønnestad  
Gudmund Holberg  
Torstein Markhus  
Andre Nesheim  
Magnar Øvrebo  
Silje Karin Bryningsland  
Lillian Grønnestad  
Kristin Holm  
Lene Jensen  
Randi Jøsang  
Linda Kro  
Marita Svendsen  
Astrid Våga  
Evy Vågshaug  
Marit Økland

## FERIEKATALOGEN 1992

Ved ei feiltaking blei feriekatalogen 1992 for Tysvær også distribuert i Bokn. Kulturkontoret i Tysvær opplyser til bygdabladet at dersom det er restplassar på dei aktivitetane som er lista opp i katalogen, kan også barn og ungdom frå Bokn få plass.

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

**ARRANGEMENT I MAI:**

- 9.mai: Rekefest kl.19.30.  
Dans til musikk av  
"Midtsambandet".  
Påmelding. Sjå oppslag.  
Arr: Bokn Swingklubb.
- 17.mai: Vanleg 17.mai feiring.  
Program for dagen kjem  
i rundskriv.
- 31.mai: Boknafestival.
- 3.juni: Bokn sanitetsforening  
har basar på Bokn  
skule.

**LAG OG FORENINGAR!**

Bokn Handelslag deler ut  
midlar til lag og foreningar i  
Bokn.  
Søknadsfrist: 25. mai 1992.

**KAPPROING 17. MAI**

Dei som vil vera med på  
kaproing 17. mai i  
Alvestadkroken må meldar seg på  
hos Tore Øvrebø eller Lars  
Magnus Alvestad.

**FERIE**



**VIKARIAT**

Det er behov for vikar for  
heimehjelp i sommarferien.

Henv. Bokn sjukestove v/ Gunn  
Grønnestad eller Marie Løvoll  
Faye snarast.



- 17.05: kl.10.00:  
Familiegudsteneste  
Soknepresten. Offer til  
Kirkens Nødhjelp.
- 28.05: kl.11.00: Høgmesse v/  
gen. sekr. Steinar Moe.  
Offer til sjøm.misj.
- 07.06: 1. Pinsedag kl. 15.00.  
Høgtidsgudsteneste v/  
soknepresten. Dåp.

**FOTPLEIE:**

Det blir fotpleie onsdag den  
13. mai.  
Påmelding til sosialkontoret i  
tlf. 74 85 00.

**TORSDAGSTREFFET**  
den 7. mai er avlyst p.g.a.  
anna arrangement på Allrommet.

**TAKK!**

Hjertelig takk for  
oppmerksomheten på min 90 års  
dag.

Ellen Gundersen

Takk for oppmerksomheten på  
min 60 års dag.

Arne Ognøy.